



Høringsuttale til NOU 2025:7 Musikklandet



Høyringsuttale til NOU 2025:7 Musikklandet

1. Innleiing

Innlandet fylkeskommune takkar for høvet til å gje innspel til NOU 2025:7 Musikklandet. Som regional utviklingsaktør er fylkeskommunen tillagt eit omfattande ansvar innan kunst- og kulturfeltet, med roller som samfunnsutviklar, forvaltar og koordinator.

Fylkeskommunen rår over eit mangfald av verkemiddel for å styrkje musikklivet i Innlandet. Eigne støtteordningar for profesjonelle kunstnarar, frivillige lag og organisasjonar, festivalar og regionale kulturinstitusjonar blir forvalta. Ansvar for Den kulturelle skulesekken (DKS) ligg på regionalt nivå, medan UKM blir eigd og utvikla som ein landsdekkande ordning for ungdomskultur. Gjennom satsinga Musikk i Innlandet blir det lagt til rette for kompetanseheving, utviklingsprosjekt og samarbeid på tvers av sjangrar og miljø. Ei rekkje festivalar og arrangørar blir støtta, og vidaregåande skular med musikk-, dans- og dramalinjer blir rekna som ein naturleg del av arbeidet med talentutvikling. Til saman gir dette fylkeskommunen ein sentral posisjon i utviklinga av eit rikt og mangfaldig musikkliv lokalt, regionalt og nasjonalt.

Innlandet fylkeskommune vil òg understreke den sterke politiske viljen til å vidareutvikle Musikk i Innlandet som ei av fylkeskommunens hovudsatsingar på musikkfeltet. Satsinga har brei politisk støtte i fylket og er eit prioritert strategisk verkemiddel for å sikre eit profesjonelt, mangfaldig og geografisk balansert musikkliv i heile Innlandet. På bakgrunn av erfaringane frå ordninga, og i tråd med innspela frå feltet, meiner fylkeskommunen at Musikk i Innlandet bør inn på statsbudsjettet frå 2027 som namngitt mottakar.

Musikk i Innlandet er ei ressurseffektiv og framtidsretta regional satsing som fungerer som ein kunstnarisk motor for heile fylket. Ordninga bind saman det frie feltet, lokale arrangørar og institusjonar, og har ei fleksibel, prosjektbasert og kunstnarstyrt form som sikrar høg kvalitet og effektiv bruk av midlar. Med rundt 60 prosent av budsjettet direkte retta mot kunstnarar og produksjonar bidreg Musikk i Innlandet til å styrkje den profesjonelle musikkøkologien, utvikle nye uttrykk, løfte fram mangfald og byggje berekraftige karriereløp. Satsinga er òg sentral for å tilby turnéverksemd, kompetanseutvikling og kulturtilbod i heile regionen – og svarar direkte på fleire av dei utfordringane NOU-en løftar fram knytt til sentralisering, fragmentering og behovet for robuste regionale strukturar.

Ei statleg innplassering frå 2027 vil gi føreseielege rammer og moglegheit til å vidareutvikle denne modellen som ein del av den nasjonale musikkpolitikken. Det vil òg styrkje samspel mellom statlege og regionale verkemiddel, slik det er omtalt i kapittel 11 og Del III i høyringssvaret.

Utgreiinga gir eit omfattande og grundig kunnskapsgrunnlag for framtidig musikkpolitikk. Som sentral aktør i implementeringa av musikkpolitikken er det avgjerande at fylkeskommunens perspektiv blir reflektert i oppfølginga av NOUen.

2. Overordna vurderingar

NOU 2025:7 legg fram eit solid kunnskapsgrunnlag for framtidig musikkpolitikk. Musikkens eigenverdi, demokratiske funksjon og samfunnsmessige betydning blir tydeleggjort. Dette samsvarar med prioriteringane i Kulturstrategien for Innlandet og Innlandsstrategien, der breidde, mangfald, berekraft og deltaking er sentrale perspektiv.

Del I gir eit verdigrunnlag som synleggjer musikkens betydning for livskvalitet, identitet, fellesskap og demokrati. Særleg viktig er understrekinga av musikken som demokratibyggjande kraft, og av nødvendigheita av å løfte minoritetsmusikk og tradisjonar frå samiske og nasjonale minoritetar. Musikkens rolle for helse og livskvalitet blir òg framheva. Dette er eit felt i grenseflata mellom kulturpolitikk og helsepolitikk. Når musikk blir brukt som kulturuttrykk som fremjar deltaking, inkludering og livskvalitet, er det kulturpolitikk. Når musikk blir nytta som behandlingsform, er det helsepolitikk. Det bør leggjast til rette for tverrsektorielt samarbeid, då både folkehelse og kunst- og kulturfeltet ligg på same forvaltningsnivå. Dette gir moglegheiter til å skape koplingar mellom sektorane, men samstundes må det klargjerast kva som høyrer til kulturpolitikken og kva som må forankrast i helsepolitikken.

Musikkens plass i utdanninga er grundig omtalt i NOUen, med vekt på trivsel, læring og inkludering. Her bør òg ordninga Kunsten å lære trekkjast fram, utvikla og vidareført i Innlandet fylkeskommune. Ordninga byggjer på samarbeid mellom profesjonelle kunstnarar og lærarar, og gir elevar nye inngangar til læring gjennom kunstnariske metodar. Prosjekta har vist seg å styrkje både elevane si motivasjon og lærarane sin kompetanse, og kan tene som døme på korleis kunstnariske prosessar kan nyttast aktivt i skulekvardagen.

Den kulturelle skulesekken (DKS) har eit stort mangfald av verkstader og samskappingsprosjekt i tillegg til formidlingsprogram, og er ei sentral ordning for å sikre at barn og unge får møte profesjonell kunst og kultur. Retningslinjene seier at ordninga skal representere «eit kulturelt mangfald av tilbod og utøvarar» for at elevane skal «gjere kjende med og utvikle forståing for eit variert spekter av kulturuttrykk». Utvalet konstaterer at musikk er det største kunstuttrykket i DKS, men ser likevel «eit behov for å styrkje musikkens plass i DKS». Det blir vurdert som uheldig om musikk må kjempe om større plass i DKS på kostnad av andre kunstuttrykk. Det er avgjerande at DKS beheld si lokale forankring og moglegheit til å tilpasse programmeringa til lokale behov og ressursar.

Samstundes blir eit styrkt samarbeid mellom DKS og arenaer som UKM, SFO, kulturskular og vidaregåande skular vurdert som svært viktig, slik at fleire barn og unge får oppleve kunst og kultur som ein integrert del av kvardagen.

Del II er særleg relevant for fylkeskommunane. Utvalet peikar på utfordringar i organisering, verkemiddelbruk og samspel mellom forvaltningsnivåa. Sentrale ordningar som DKS og UKM er løfta fram som viktige for breidde og deltaking, medan festivalfeltet og regionale satsingar som Musikk i Innlandet viser korleis nasjonale og regionale verkemiddel kan utfylle kvarandre.

Del III gjer greie for musikk som næring og peikar på kapitalmangel, fragmentering og behov for profesjonalisering. Arbeidsvilkår, opphavsrettsforvaltning og utfordringar knytt til digitalisering og kunstig intelligens blir identifisert som sentrale spørsmål. Satsinga Musikk i Innlandet fungerer her som regional aktør som koplar saman kunstnarlege miljø, næringsaktørar og offentlege verkemiddel, og bidreg til profesjonalisering, nettverksbygging og bransjeutvikling. Slik blir det illustrert korleis regionale tiltak kan styrkje den nasjonale musikkpolitikken òg på næringsområdet.

3. Merknader til Del II – Musikklivets organisering og politikk

Kapittel 8 – Musikklivets organisering

Utvalets framstilling av feltet som komplekst, der skiljet mellom profesjonelt og frivillig musikkliv ofte er uklart, blir støtta. Framstillinga bør supplerast med korleis regionale satsingar som Musikk i Innlandet og festivalfeltet bidreg til å binde saman profesjonelle og frivillige aktørar, og kan lyftast fram som døme på heilskapleg organisering på regionalt nivå.

Innlandet har òg sterke ressursar innan dans, som på ulike måtar bind saman dans og musikk – gjennom DansINN, Fjelldansen og RED Residency Eina Danz. Desse miljøa legg til rette for nettverk, kompetanseutvikling og nyskaping, og fungerer som viktige bindeledd mellom utøvarar på ulike nivå. Eit initiativ for ei turnéslynge for dans vil ytterlegare styrkje infrastrukturen og skape nye samarbeidsflater mellom musikk og dans i tråd med NOUens fokus på heilskapleg utvikling av feltet.

Kapittel 9 – Kulturpolitiske rammer

Analysen av den «sedimentære kulturpolitikken» og behovet for oppdatering blir vurdert som relevant. Publikumsperspektivet er godt løfta fram, og bør supplerast med at musikkpolitikken må sikre ytringsmangfald og ytringsfridom, samt ta høgde for kulturelt mangfald.

Økonomiske barrierar må reduserast for å sikre deltaking uavhengig av bakgrunn. Som døme kan nemnast UngINN-kortet, etablert av Innlandet fylkeskommune, som gir ungdom tilgang til kulturtilbod til låg pris. Ordninga viser korleis regionale tiltak kan styrkje publikumsdeltaking, og kan tene som modell for liknande verkemiddel nasjonalt. Publikumspolitikken må òg utviklast i lys av berekraft og komplekse samfunnsutfordringar.

Kapittel 10 – Statlege verkemiddel for musikkfeltet

Behovet for betre tilpassing av statlege verkemiddel til regionale forskjellar er tydeleg. Dette er viktig for å sikre likeverdig tilgang til musikklivet i heile landet. Som døme viser Innlandsstrategien korleis kultur blir sett i samanheng med samfunns- og næringsutvikling.

Det bør understrekast at ordningar som tilskot for å inkludere barn og unge og musikkfadderordninga er viktige verkemiddel for å fremje deltaking og inkludering. Fylkeskommunane kan

ta eit større ansvar for å sikre at slike tiltak gir lik tilgang til kulturtilbodet og reduserer barrierar for deltaking.

Kapittel 11 – Fylkeskommunale og kommunale verkemiddel

Fylkeskommunen blir rett identifisert som ein regional samfunnsutviklar. For å utøve denne rolla trengst tilstrekkelege ressursar og rom for regionale prioriteringar. Musikk i Innlandet illustrerer korleis fylkeskommunale satsingar kan utfylle nasjonale verkemiddel. Kommunane er heilt sentrale i å leggje til rette for frivillig aktivitet og infrastruktur, men manglar ofte ressursar.

Utvalet peikar på eit ikkje utnytta potensial i regionale kulturkretsar og fylkesmusikkråd, særleg som bindeledd mellom lokale aktørar, sjangerorganisasjonar og nasjonale verkemiddel. Samstundes blir det understreka at dette arbeidet krev både kompetanse, kapasitet og forankring. Det bør leggjast til grunn at fylkeskommunen har det overordna ansvaret for koordinering, slik at heilskap, geografisk utjamning og likeverdig tilgang til musikklivet i heile fylket kan sikrast. Regionale kulturkretsar og musikkråd kan fungere som samarbeidspartnarar og støttestruktur i dette arbeidet, men den regionale samfunnsutviklarrolla må liggje hjå fylkeskommunen.

Fylkeskommunane har òg ei naturleg rolle som koordinator for talentutvikling. Som eigarar av vidaregåande skular og musikklinjer ligg det særskilt ansvar for å leggje til rette for unge talent. Denne rolla handlar ikkje berre om skuledelen, men om å sjå talentutvikling i samheng med kulturskular, frivillige miljø, profesjonelle aktørar og regionale satsingar. Dette er i tråd med Kulturstrategien for Innlandet, der talentutvikling er løfta fram som eit satsingsområde og forstått som eit felles ansvar på tvers av utdanning, frivillig sektor og profesjonelle miljø.

Kapittel 12 – Når musikkpolitikken møter praksis

Gapet mellom politiske intensjonar og kvardagen til aktørane blir godt beskrive. For festivalfeltet er det særleg behov for meir føreseielege rammer. Festivalane spelar ei viktig rolle i Innlandet, både som kunstnarlege møteplassar, som arenaer for lokalt engasjement og som motorar for reiseliv og lokalsamfunn. Dette samsvarar med Innlandsstrategien, der kulturnæringane blir peika ut som del av regional verdiskaping.

For den frivillige sektoren er betre infrastruktur og samspel med profesjonelle miljø avgjerande. Ordningar som DKS og UKM fungerer som koplingspunkt, og viser korleis nasjonale tiltak kan møte praksisfeltet og styrkje deltaking, mangfald og utviklingsmoglegheiter for unge.

Kapittel 13 – Utvalets vurderingar og anbefalingar

Utvalet sine hovudtilrådingar om meir fleksible og differensierte ordningar, styrkt infrastruktur og betre vilkår for både semiinstitusjonar og frie aktørar blir støtta. Særleg må fleksibiliteten framhevast, då musikklivet rommar eit stort mangfald av aktørar og organisasjonsformer.

Det bør samstundes peikast på at utviklinga fleire stader går i retning av færre støtteordningar for å forenkle forvaltninga. Ei slik utvikling kan i praksis føre til mindre fleksibilitet, då ulike behov og uttrykk blir pressa inn i færre ordningar. Erfaringar frå Innlandet viser at dette kan gjere det vanskelegare å tilpasse støtta til ulike felt og aktørar. Det bør derfor leggjast vekt på at fleksibilitet ikkje berre handlar om utforminga av kvar enkelt ordning, men òg om å sikre ein breidde av ordningar som samla kan møte musikklivet sitt mangfald.

Vidare bør det framhevast at UKM bør løftast fram som nasjonal koordinator for ungdomskultur, at festivalfeltet må sikrast meir stabile rammer, og at nasjonale verkemiddel må ta høgde for regionale forskjellar. Satsingar som Musikk i Innlandet viser korleis regionale tiltak kan supplere og styrkje nasjonale verkemiddel, og fylkeskommunane bør få ei tydelegare rolle som koordinatorar for talentutvikling i skjeringspunktet mellom skule- og kulturliv.

4. Merknader til Del I og Del III

Del I gir eit verdigrunnlag for musikkpolitikken, med vekt på demokrati, livskvalitet og kulturelt mangfald. Del III gir ei framstilling av musikk som næring, med vekt på kapitaltilgang, arbeidsvilkår, forvaltning og utfordringar knytt til digitalisering og kunstig intelligens. Frå eit regionalt perspektiv bør fylkeskommunane ha ei sterkare rolle i å koordinere næringsretta satsingar i musikkbransjen, til dømes gjennom regionale næringsfond, innovasjonsmiljø og eksportprogram. Innlandsstrategien viser at dette alt er ei prioritert satsing i Innlandet.

5. Avslutning

NOU 2025:7 gir eit omfattande og godt grunnlag for vidareutvikling av musikkpolitikken. Hovudtrekka i utgreiinga blir støtta, og analysane blir vurdert som grundige og relevante. Samstundes er det lagt fram fleire merknader som bør vektleggast i den vidare politikkutforminga, særleg knytt til fylkeskommunens rolle som samfunnsutviklar, behovet for meir føreseielege rammer for festivalfeltet, løfting av UKM som nasjonal ordning for ungdomskultur, betre samspel mellom statlege og regionale verkemiddel, og ei tydeleg forankring av talentutvikling i skjæringspunktet mellom utdanning og kultur.

Ordningar som DKS, UKM, festivalfeltet, Musikk i Innlandet og fylkeskommunane si rolle i talentutvikling er avgjerande for å sikre breidde, deltaking og kvalitet i musikklivet. Det bør leggjast til rette for klare prioriteringar, betre datagrunnlag og tilstrekkelege ressursar på regionalt og lokalt nivå, slik at måla om breidde, mangfald, demokrati, berekraft og kvalitet kan realiserast i heile landet.



Innlandet
fylkeskommune



Innlandet
fylkeskommune

Hovedutvalg for kulturs behandling av sak 56/2025 i møte den 12.11.2025:

Vedtak:

- Hovedutval for kultur vedtek høringsuttala om NOU 2025:7 *Musikklandet*, slik ho går fram av saka og vedlegg 2.
- Hovedutvalet for kultur ber administrasjonen tydeleggjere i høyringssvaret at Innlandet fylkeskommune ønskjer Musikk i Innlandet inn på statsbudsjettet i 2027.

Behandling:

Seniorrådgiver Kultur Gaute Schrøder innledet til saken.

Jostein Kristiansen (FrP) fremmet følgende alternative forslag:

1. Hovedutvalget for kultur støtter hovedtrekkene i NOU 2025:7 *Musikklandet*, men mener det må legges større vekt på frihet, lokalt mangfold og kultur som næring.
2. Staten bør forenkle tilskuddsordningene og redusere byråkratiet i kultursektoren.
3. Fylkeskommunen skal legge til rette, ikke styre. Kulturpolitikken må bygge på tillit til lokale utøvere og frivillige miljøer.
4. Særlig barn og unge må få bedre tilgang til kulturaktiviteter og lavere terskel for deltakelse. Et levende musikkliv skapes ikke av nye planer, kostbare skattefinansierte musikkinstitusjoner og forvaltningsnivåer, men av mennesker som får frihet til å skape, utøve og formidle musikk der de bor.

Martin Været (Ap) fremmet følgende tilleggsforslag på vegne av Ap, Sp og R:

Hovedutvalg for kultur ber administrasjonen tydeliggjøre i høyringssvaret at Innlandet fylkeskommune ønsker Musikk i Innlandet inn på Statsbudsjettet i 2027

Votering

Forslag fremmet av Kristiansen (FrP) ble satt opp mot fylkeskommunedirektørens innstilling og falt med 1 stemme.

Forslag fremmet av Været (Ap) ble vedtatt med 8 stemmer avgitt av 4Ap, 2Sp, 1V og 1R. Mot 2H og 1Frp.

Fylkeskommunedirektørens innstilling ble vedtatt med tilleggsforslag fremmet av Været.
